


DET NORSKE TEATRET



En forfriskende pause



DRIKK

Coca-Cola

REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert leverer

Jarlsberg Mineralvann A/S




Restaurant

FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie
Le Rendez-Vous de Gourmets*

*Vis-à-vis
Nationaltheatret*



GEORGE BERNARD SHAW

„PYGMALION”

av

GEORGE BERNARD SHAW

til nynorsk ved	HARTVIG KIRAN
regi	FINN KVALEM
dekor og kostyme	ARNE WALENTIN
musikk	FINN LUDT
inspisient	REIDAR JAMVOLD

Program-omslag: OLAF TRAP-MEYER

SESONGEN 1965/66

Billetter får De òg kjøpt i Narvesens Kiosker




Walter Jacobsen a.s
MODELLKONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368
Forretningen med det gode utvalg
i kåper, kjoler og drakter.



Finn Kvalem.



«Har De møtt ein mann av fast karakter når det gjeld kvinner?»


„PYGMALION” PÅ NYNORSK

Med fengande rytmar og romantiske melodiar har «My Fair Lady» lagt verda for sine føter: Eliza Doolittle og Henry Higgins er blitt eit udøyeleg musical-par.

Er det da grunn til å grava fram att Bernard Shaw's «Pygmalion»? Vi meiner ja. Og vi meiner at «My Fair Lady» med all sin glans og prakt har tatt brodden av Bernard Shaw, lagt eit glitrande slør over den beiske menneskeskildring og samfunnssatire «Pygmalion» er.

Vi spelar også «Pygmalion» fordi det er ein gneistrande god komedie, ein av dei beste Shaw har skrive, og *det* seier mykje.

Godt og vel, men på *nynorsk*? Er ikkje Mr. Higgins sjøve inkarnasjonen av urban kultur, og av kulturell snobbeskap, og uttrykkjer han seg ikkje på finaste Oxford-engelsk? Norsk riksmål brukar han i alle fall ikkje, så kvifor ikkje på *nynorsk*? For dei som vil hevde at *nynorsk* er ein dialekt, bunden til landsens liv og levemåte, vil det verke absurd å la Mr. Higgins uttrykke seg på dette språket. Men for oss er *nynorsken* eit riksmål, på line med det andre, og sjølv om det ikkje har noko norsk bymiljø å suge næring frå, er det likevel eit språkleg instrument som spenner over heile registeret av miljø frå ein avdal i Noreg til metropolane Paris («Den galne frå Chaillot») og London («Ai, ai for ein artig krig!») til Manhattan i New York («West Side Story»). På scenen sprengjer *nynorsken* den tvangstrøye folk flest vil tvinge han inn i.





«Å skremme fasongen a' folk
på den måten!»



Hør her, proffsor. Dere og jei,
vi er verdensmenner.»

GEORGE BERNARD SHAW

(1856—1950)

Mellom alle dei irarane som har ført nytt blod, nye idear og overraskande synspunkt inn i engelsk kulturliv, står George Bernard Shaw i fremste rekkje. Kritikar og essayist, sosialist og dramatikar. Ettetida kjem nok til å hugse han best som skodespelforfattar. Men ingen historikar vil kunne gje eit sant bilete av Storbritannia i fyrste halvdel av vårt hundreår utan ein nitid kjennskap til kritikkane og dei politiske skriftene til Shaw. Han stod midt oppe i det som rørte seg i hans tid. Ein glødande sosialist, ein fantastisk talar, og knivskarp og klar i si vurdering av teater og musikk. Men aldri keisam! Han miste aldri irarens sans for humor og levande uttrykksmåte.

I sine yngre dagar gjorde Shaw meir enn nokon annan for å introdusere Ibsen i Storbritannia. Og då han sjølv byrja skrive skodespel, var vår store diktar eitt av hans kjæraste førebilete. Ikkje berre i stil, men også i dette at teatret skulle vera eit forum der gjærande problem i samfunnet vart debatterte. Shaw er nok lettare i tonen enn den norske skansestormaren. Han stolar meir på humor og komikk når han skal seia si meining, noko «Pygmalion» er eit festleg vitnemål om.

Shaw testamenterte ein del av inntektene frå sin litterære produksjon til arbeidet med å skapa eit nytt engelsk alfabet. Han

LIVSTRYGDING – PENSJONSTRYGDING

GJENSIDIGE

Eldste livstrygdelaget i Noreg

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30

var alltid fortvila over skriftspråket han hadde til disposisjon. Ein annan del av pengane går til Royal Academy of Dramatic Art. Dette er nok den einaste teaterskulen i verda der dei kranglar om kva dei skal bruke alle pengane til!

Finn Kvalem.




«Nå, Mr. Higgins, sei ikkje noko som gjer jentungen innbilsk.»

FRÅ „KVA ER NOK?”

Folk er samde om at fattigdom er ei ulykke for eit individ som tilfeldigvis er fattig. Men når fattigfolk ikkje lid av hunger eller kulde, er dei ikkje ulykkelegare enn andre, dei er ofte lykkelegare. Det er lett å finne 60-åringar som er ti gonger rikare enn då dei var tjue; men ingen seier at dei er ti gonger lykkelegare. Pengar kan gjera deg mett, men ikkje lykkeleg. Mat kan stille svolten, men ikkje roe sjela. Ein vidgjeten tysk sosialist, Ferdinand Lasalle, sa at det tyngste han stridde mot hjå fattigfolk han ville hisse til oppreist, var deira mangel på krav. Dei var sjølv sagt ikkje nøgde, ingen er det, men dei var ikkje misnøgde nok til å bry seg med å endre levekåra sine. Det kan synast gjævt for ei fattig kvinne å ha eit stort hus, mange tenarar, dusinvis med kjolar, vakker hud og velstelt hår. Men ei rik kvinne som har alt dette, bruker ofte mykje tid med å reise til primitive stader for å sleppe unna. Når ein må bruke 3 timar om dagen på å vaske seg, børste og kjemme seg, kle seg og skifte, så er ikkje dette nokon lykkelegare lagnad enn å greie seg med 5 minutt. Og tenarane er så brysame at fine damer nesten ikje har anna å snakke om når dei møtest.

Det er vår eigen kvalitet som er viktig. Pass på den, så passar lykka seg sjølv. Folk av rette slag kjenner seg aldri vel før dei har orden i sine saker, men dei er for friske og for interesserte i arbeidet sitt til å bry seg om lykke. Moderne fattigdom er ikkje av det slaget som fekk lovord i Bergpreika. Innvendinga vår er ikkje at han gjer folk ulykkelege, men at han nedverdigar dei. Og det faktum at dei kan vera like lykkelege i sin nedverdiga tilstand som deira overmenn er det i si overflod, gjer saka verre. Den guddomlege gneisten i oss sprakar imot det å la seg nedverdige til berre lykke, noko som kvar gris og fyllick kan oppnå.



«A-a-uu!»

En trykksak

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg.

RAGNAR BRYDE

Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri

Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 20 20 49

EIT BREV FRÅ ELLEN TERRY
TIL GEORGE BERNARD SHAW:

(Ellen Terry var den største skodespelarinna i England i si tid. Ho var på turné i Amerika då Shaw sende henne manuskriptet til «The Man of Destiny». Han ynskte at ho skulle spela Den framande dama på Lyceumteatret i London.)

18. november 1895.

Dersom De gjev Napoleon og Den framande dama til nokon annan enn meg, så skal eg – ja så skal eg skrive til Dykk kvar dag! (Det har eg alltid lyst til.) Å men ver så snill, la meg lære denne «framande dama» å kjenne! Ikkje bli sjuk. Mange «gode sjeler» kan godt få bli det. Men når De (og nokre få andre) blir sjuke, er det annleis.

SHAW TIL ELLEN TERRY:

(Enno var ingenting avgjort.)

5. juli 1896.

Kjære og høgt vørde dame!

Må eg få minne Dykk om at turnéen er over. De har kanskje gløymt meg heilt, men for mange år sidan skreiv De til meg, då De var i Amerika og spela spedalsk, eller spedalskinne, og elles vreid De hjarta mitt rundt.

Slik er livet mitt: – Eg er ferdig med eit nytt stykke. Det er så uvanleg dyktig laga at ein framståande London-agent, som ein gong spela Faust mot den vakraste av alle Margarathaer, skriv etter at han har lese det: «Då eg kom til slutten, skjøna eg ikkje katten av kva De hadde meint.» Dersom eg har rodd for langt ut til å bli forstått i mine seinare skrifter, så må eg lite på det eg har laga tidlegare. Eg skulle gjerne vita om De verkeleg meinte det alvorleg at Napoleonaden min kunne få ta del i



Likar De å følgje med?

Få
syn for segn
les




Det største allmenne tidsskriftet i landet

OPPLAG I DAG: 15 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 570 sider. Årspengar kr. 24,00 — for studentar og skoleelevar kr. 18,00 ved tinging direkte til forlaget. Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret. 10 års tinging kr. 200,00.

Kristian Augusts gate 14 — Oslo 1
Postgiro 87 02 — bankiro 75/659

det norske samlaget



*Kjøp Deres nye
bilradio hos oss*


**Hurtig montering.
Avtal tid, ring**

68 49 18

Mange typer — også kombinerte reise- og bilradioer

*Bilradioreparasjoner
utføres*

BLAUPUNKT



JARLEN RADIO & TV AS

Åkebergveien 56 - OSLO - Telefon 68 49 18
SOM SIKKERHET — SIKKER SERVICE

underhaldninga på Lyceum. Eller er De berre ei smigrande, eventyrforteljande Scheherazade? Eg hatar verkeleg folk som ikkje kan ta ei avgjerd, dei minner om meg sjølv.

Ikkje at eg har særleg lyst til å vita det i grunnen. Men eg skal snart feire min 40-årsdag, og eg *vil* vera vaksen, *vil* vera alvorleg, *vil* vera praktisk. Gode Gud! er De klår over at eg kan koma til å døy i fattighuset (eg har forresten ofte lika tanken på å døy der) om eg ikkje passar på sakene mine? Eg skal sjå opningsframsyningane i Bayreuth, skunde meg attende til sosialistkongressen her, så til Bretagne p.g.a. forretningar og ferie, deretter til Italia p.g.a. ferie og forretningar, og så attende til lekkjer og slaveri. Eg må, eg skal ordne opp i sakene før eg reiser. Kvar er stykket? Kvar er kontrakten? Er eg eit insekt, sidan eg blir handsama på denne måten? De sa neste år – trur eg, den 1. januar, eller var det 31. desember?

Kom, så skal eg lære Dykk rolla utan at De opnar boka ein einaste gong. Eg skal få tak i ein tandem. Så sykklar vi bortover dei himmelske marker, medan eg hamrar rolla inn i hovudet Dykkar, slik at De lærer henne som De ville la ein melodi gli inn i øyra, slik burde alle roller lærast, i mitt ideelle ensemble skal det ikkje finnast ei einaste skodespelarinne som kan lesa. Ein gong lærte eg ei rolle (eg spela henne og) lærte henne etter bok. For eit galeislaveri! Eg ville heller skrive ti artiklar eller tusen skodespel. Tenk å lære levande kjensler – levande tankar frå daude ting, linfiller og forfattarblekk!

Himmel og hav, er dette eit forretningsbrev? Nei. Eg tek om att. No krev eg, eg insisterer, eg – eg gløymer kva eg insisterer på: det einaste eg vil er å kysse handa Dykkar.

Men eg misser forretningssansen. Farvell!

Godt utvalg i dame- og herreskotøy

Valkyrien Skotøymagasin A.s

Valkyriegt. 3 - Oslo

Telefon 463464

LYTT TIL
Norsk folkemusikk

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketoner i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på



grammofon-
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting.

Til salgs hos musikkhandlerne.

NOREGS MÅLLAG

vil ha bedre vilkår for nynorsk mål.

Meld deg inn!

Hugs målgåva!

Hjelp oss i arbeidet for språkleg rettferd.

MÅLSAK ER KULTURSAK

Adr.: Boks 911, Oslo 1. Postgirokonto: 14 230.

CARSTEN BYHRING

Kor mange viser, sketsjar og monologar han har ført fram til siger på Chat Noir og Edderkoppen, minnest han vel knapt sjølv. Men dei er ikkje få.

Han er ein av dei som verkeleg har Oslo-tonen, treffande, skarp og ekte. I seinare år har han velsigna andre teater med sitt nærvær. Vi hugsar fleire glimrande prestasjonar i Fjernsyn-teatret; siste sesong laga han det heilt store i «Borgermesteren» på Trøndelag Teater, og han var ein festleg boss i «Hvordan man blir direktør når man vet hva man gjør» på Oslo Nye Teater.

Vi ynskjer han hjarteleg velkomen hjå oss!

NELL GWYNN

«Soga om Eliza Doolittle er kalla «*a romance*» (eit romantisk eventyr), fordi omskapinga synest vera så usannsynleg,» skreiv Shaw. «Men soga er nokså alminneleg. Slik har hundrevis av unge, ambisiøse kvinner greidd å skapa seg om. Nell Gwynn skapte eit føredøme då ho spela dronningar og fascinerte kongar i det teatret der ho frå fyrst av hadde selt appelsinar.»

Nell Gwynn var fødd i eit smau ved Drury Lane i 1650, faren var visst fruktseljar ved Covent Garden. Fyrst serverte ho drikkevarer i eit bordell, seinare selde ho appelsinar til publikum i The King's Theatre. Ho svor og banna når der var dårleg hus, var rapp i kjeften, og folk lo snart meir av henne enn av skodespelarane når ho kom med sine kvikke svar. 15 år gamal var ho elskarinna til den leiande skodespelaren, Charles Hart. Før hadde alle kvinneroller vorte spela av menn, no hadde skodespelarinner etter kvart sloppe til. Men publikum var frå seg då dei fyrste gong fekk sjå ei kvinne spela mann! Det var Nell, som visstnok var perfekt i Dryden's «Secret love». «Det gneistrar meir av henne og rørslene hennar enn frå nokon mann eg har sett», skriv Pepys, som er opp i under over spelet hennar.

Framhald side 23.

„PYGMA

av GEORGE BERNARD SHAW

Til norsk ved H. A. HOEL

Regi: FINN RYLAND

Dekorasjon og kostyme: H. A. HOEL

Musikk: FINN RYLAND

Kostyma er laga på systova til Det Norske Teatret

Inspisient: REIDAR HOEL

Dei som er med:

PROFESSOR HIGGINS	Per Theodor Haugen
MRS. HIGGINS	Tordis Maurstad
OBERST PICKERING	Harald Heide Steen
ELIZA DOOLITTLE	Sølvi Wang
ALFRED DOOLITTLE	Carsten Byhring
MRS. PEARCE	Dagmar Myhrvold
MRS. EYNSFORD HILL	Eva Sletto

Originalteksta er frå Ovids *Pygmalion*

lesen av Bernt R. HOEL

1 pa

Hovedrollen

blant brannsikre skap

Pris fra kr. 625,00

ALION”

BERNARD SHAW

ARTVIG KIRAN

KVALEM

: ARNE VALENTIN

NN LUDT

Norske Teatret av RANDI SKAHJEM

AR JAMVOLD

CLARA EYNSFORD HILL	Tove Hauge
FREDDY EYNSFORD HILL	Leif Skarra
HOVMEISTAREN	Bernt Erik Larssen
NEPOMMUCK	Arpad Szemes
KVINNE I FLOKKEN	Elsa Isefiær
MANN I FLOKKEN	Terje Gulbrandsen

versjon av Pygmalionlegenda,

Erik Larssen.

use.

.....
JÖLI

JØRGEN S. LIEN

OSLO - BERGEN - TRONDHEIM - STAVANGER



Diamantringer er vår spesialitet

Enstensringer fra kr. 200,—.

Trestensringer fra kr. 500,—.

Rosettringer og modellringer
fra eget verksted.

*Løse diamanter på låger til
bestillings-, forandrings- og
reparasjonsarbeide.*

*Vi fører toppkvalitetene Blue
white pure og finest white
pure.*

*Skriftlig garanti for
størrelse, farge og renhet
medfølger hver ring.*

*Hvis De skal kjøpe diamanter,
benytt Dem av vår 50
års erfaring som spesialister.*

Stort utvalg, rimelige priser.

JUVELER — GULLSMED

H. A. NEERBYE

OBS! NY ADRESSE:

Youngstorget 1, tlf. 33 32 35

Tegn Deres

livsforsikring i

GLITNE

Det er

virkelig livskunst

S. BRUN

Nils Juelsgt. 27

Telefon 440384

Lamper — Skjermer — TV

Elektriske apparater m. m.



«Tok d-r-ø-v-e-l-e-n på henne?»

Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 – Telefon 42 24 22

Medlem av Norsk Blomstertelegraf

Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser



Dekorasjon og kostyme: Arne Walentin.

Vakrere ben i
ULTRALYD *nylons*

daniela

DEN MODERNE STRØMPEN
MED SÆRPREG

Inger-Lise Haug



NÆRMESTE
FORHANDLERE
OPPGIS VED
IMPORTØRER

Vold-Johansen & Goplen

AKERSGT. 59. OSLO 1 — TLF. 33 20 08

*Den kresne kvinne finner alltid
vei til*

Pikant

Damekonfeksjon

Brogt. 3 b. Tlf. 41 23 28

OSLO FYLKESLAG

i Noregs Ungdomslag

Heim for landsungdom

Lagskontor. Ynskjer du opplysningar om bygdelaga i Oslo,
ring Sosialkontor for landsungdom telefon 20 38 20 og
20 38 03. Kaffistova og heimebuarane telefon 20 07 04.

No kan De få kjøpe boka også

BERNARD SHAW

PYGMALION

Til norsk ved Hartvig Kiran

Kr. 19,50

DET NORSKE SAMLAGET

Spesialforretning i TV - radio

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør
det lettere å finne apparater som passer

GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder

NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S

Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37

Filial: Lambertseter forretningsenter — Tlf. 28 03 12



Framhald frå side 15.

Tragedienne vart ho aldri, det var i komedien ho la London for sine føter. Ho var ikkje rett vakker, men hadde eit levande, karakterfullt andlet. Flott figur, – «små føter» fortel ein krønike. Hennar største aktivum var vitalitet, humør og lune. Pretty, witty Nell.

Charles II var konge, men Nell brukte namnet «min Charles III» om han. Ho var nemleg i hendene på Lord Buckhurst (Charles Sackville) før kongen kasta sine augo på henne. Charles II er jo vidgjeten for sitt enorme konsum av damer, men Nell Gwynn var den av dei han heldt på heile livet. Charles sette pris på humør og glede etter den uhyggelege oppveksten sin.


Ein gong arrangerte Nell ein konsert heime hjå seg. «No vonar eg De gjev musikarane skikkeleg betaling!» sa ho etterpå til kongen som var til stades. Han hadde ikkje pengar, og vende seg til Hertugen av York, – som òg var blakk. «Å herregud, kva er det for slags selskap eg er hamna i!» ropte Nell. Ho blanda seg aldri i politikken, noko som òg sette henne høgt i augo åt kongen. Dessutan kom ho ikkje med krav om personleg vinning, i alle fall svært sjeldan. Det var vanleg at kongelege lausungar automatisk fekk ein adelstittel, men fyrste sonen Nell hadde med kongen heitte berre Charles Beauclerk til han var seks år gamal. Då ropte ho på guten ein dag kongen var hjå henne: «Kom hit, din bastard!» Kongen var sjokkert, men Nell svara: «Eg har ikkje anna namn å gje han.» Neste dag var guten Jarl av Burford og sju år seinare Hertug av St. Albans.

Nell Gwynn slutta som skodespelarinne då ho fødde det fyrste barnet, men ho kom ofte i teatret og såg på. Pepys har sett henne i ein losje: «– a bold, merry slut, who lay laughing there upon the public.»

Ho døydde 37 år gamal. Huset hennar vart overteke av eit misjonsselskap – «The Society for the Propagation of the Gospel in Foreign Parts».

Ingen har klandra Nell Gwynn for at ho selde kroppen sin slik som dei klandrar Judas Iskariot for at han selde sjela si.

Shaw.



«... eg sa eg skulle gjera ei kvinne av deg, og det har eg gjort.
Slik likar eg deg.»

Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til

B. Bogens Parkettsliperi

Chr. Michelsensgt. 21 – Telefon 37 60 26

Førsteklasses arbeide garanteres



Teikningar ved

M. M. Mangel



Det lyser opp

i den grå hverdag med pene broderier. De bringer naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle.

Begynn med brodering, en kongelig hobby

RANDI MANGEN & CO.

SPESIALFORRETNING I BRODERIER

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

Alt i finere metall

R. A. NIELSEN

Finmekanikk

Skogveien 17. — Telefon 44 32 14.

NASJONAL-KAFEÉN

Keysersgt. 1. Telefon 332149

IOGT's populære kafé i Oslo

**God mat - Rimelige priser - Selskaper mottas -
Lokaler utleies**

NATIONEN

Kontakten mellom bygd og by!

Kr. 40,00 pr. kvartal

HENRIK BØHM'S

Paraply- og regntøyforretning

er flyttet til

Torggt. 23. Tlf. 42 16 87

(vis à vis Ferdinand Larsen A/S)

Gamle og nye kunder ønskes velkommen

PÅ SPELPLANEN

I november kjem det omstridde skodespelet «Der Stellvertreter», som handlar om jødetransportane til tyske dødslæger under krigen. Med eit alvor og eit engasjement som ber over alle dramaturgisk veike punkt, slynger forfattern Rolf Hochhuth sitt klagemål mot alle dei passive: Utan å gripe inn såg dei det endelause mennesketoget på veg gjennom heile Europa mot gasskamra i Auschwitz og Treblenka. Han rettar søkelyset mot Pave Pius XII, og skuldar han for utilgjeveleg passivitet. Klagemålet, som verkar vel fundert, er blitt møtt med lidenskapelege pro- og kontrautsegner i den européiske pressedebatten etter urpremièren i Berlin.

Tysklands nye store dramatikar Peter Weiss har også nettopp fullført eit drama om Auschwitz; det handlar om rettargangane i Frankfurt, og rullar med nøkterne detaljar opp all den gru som rommest i namnet Auschwitz. Det Norske Teatret har kjøpt «Die Ermittlung» til framføring neste sesong.

Nye generasjonar veks opp, men Europa gløymer ikkje, og må ikkje gløyme Auschwitz. Det er ein svart svulst som tida ikkje lækjer, men som berre veks for våre augo ettersom åra går; at ein ny generasjon tyske diktarar no tar stoffet opp, slik Rolf Hochhuth og Peter Weiss gjer det, er eit uttrykk for det. Og i denne bitre sjølvransaking ligge det kanskje botevon for gamle Europa.

T. S.



LIVSTRYGDELAGET
ANDVAKE
MØLLERG. 16. - OSLO 1

AKTUELLE TELEFONADRESSER

Arbeidsklær	CHR. STEFFENSEN Grønlandsleiret 4	681251
Avfallsartikler	MAJORSTUA SKRAPHANDEL Dronning Astrids gate 2	464931
Barnetøy	SMATØY — ANNA VINJE Spes. baby- og barnetøy Roald Amundsens gate 6	423729
Bilglass-service	SCHLØSSER MØLLER Ole Deviks v. 18 - Helligdagsvakt Etter kl. 17 tlf. 70 15 18	671386
Bil-lakkering	<i>Rodeløkkens Lakkerverksted «Rolav»</i> Erik og Kåre Pettersen Marstrandsgt. 9	377549
Bilreparasjoner	ROLF KAARBY'S VERKSTEDER Enebakkvn. 131 — Økernvn. 227 Tlf. 21 09 48	670839
Blikkenslager	OLUF C. JOHANSENS EFTF. Inneh. Eigil Winnje Bogstadveien 24	465650
Bremseservice	TØRE WEVANG <i>Spesialverksted for bremses</i> Konghellegt. 3—5	377930
Damefrisør	<i>Kitty Damefrisørsalong og Skjønnhets- pleie A/S — Dalsbergstien 2</i> Ruth Sennerud / Grete Refsland	464938
Danseskole	ELSE'S DANSEINSTITUTT Barn fra 3 år, ungdom, voksne og ektepar mottas	673027
Flyttetransport	Innenlands - utenlands flytting/lagring (innelukket bil) ANTHONSEN & SPIGSETH	535156
Forkromming	FREDENSBORG FORNIKLING Fredensborgvn. 24 b	412675
Fotograf	<i>Reklame og fargeopptak</i> HAMING FOTO (Einar Haming) Eikelundvn. 21 — Årvoll	211447
Gulvtepperensing	... og vanlig rensing TEPPERENSERIET Tromsøgt. 12	371644

AKTUELLE TELEFONADRESSER

Låshjelp	Utrykninger - rep. Nøkler på 2 min. Har bilcoder NØKLE-HJELPEN, Observatoriegt. 25	44 50 83
Malerarbeide	<i>Olaf Hellums Malerforretning</i> Etabl. 1913 — Markveien 41 Restaurering av møbler utføres	37 36 53
Parkettsliping	FALKENHAUG PARKETTSLIPERI <i>Fagmessig utførelse</i>	44 48 83
Pels	SVEBERG PELS Skippergt. 33	33 38 69
Persienner	Gardinbrett TROPICA A/S Youngsgt. 6	33 49 48
Rengjøring	K. BAKKES RENGJØRINGSBYRÅ Vinduspuss og hovedrengjøring utføres rimelig	41 11 71
Rørlegger	OSLO RØR-SERVICE A/S Aut. rørlmester Arne Knutsen Østmarkvn. 2 — Oppsal	26 26 52
Selskapslokaler	GROTTE Selskapslokaler for alle anledninger — Wergelandsveien 5	33 07 29
Sjåførskole	ODD STRAND Kontor/teorilokale: Collettsgt. 14	46 44 24
Skoreparasjon	FIX SKOREPARASJON Kongsvn. 81 — Filial 28 55 68	28 88 25
Svangerskapskurser	MARGARET FLORELIUS Mensendicklærer., form./aftenk. N. Juelsgt. 64 b	44 56 22
Syatelier	Finere kjolesøm LIV KEYSER FREDRIKSEN Odinsgt. 27	55 03 72
Utleiesalong	SALONG RENETTE Fru Haraldsen — Bygdøy allé 18 <i>Elegant, komplett selskapsutstyr</i>	44 30 53
Urmaker	VEITVEDT UR og OPTIKK Frank Mikalsen Veitvet Shoppingsenter	25 01 75

NATIONALTHEATRET

Hovedscenen :

«DET HENDTE I VICHY»

av Arthur Miller

Regi: Arne Thomas Olsen

Dekorasjoner: Chr. Stenersen

«FALSK FORKLARING»

av John Osborne

Regi: Arild Brinchmann

Dekorasjoner: Per Schwab

A m f i s c e n e n :

«I ROM SJØ»

av Slawomir Mrozek

«ORKESTERET»

av Jean Anouilh

Regi: Jørn Ording

Dekorasjoner: Per Schwab

DEN NORSKE OPERA

«PETER GRIMES»

Opera av Benjamin Britten

Regi: Joan Cross

Dirigent: Arvid Fladmoe

Dekorasjoner og kostymer:

William Chappell

Ballettaften :

Finlands Nationalopera

(gjestespill)

«Scaramouche»

(musikk: Sibelius)

«Romeo og Julia»

(musikk: Tsjaikovskij)

«Ildfuglen»

(musikk: Stravinskij)

Ballettaften :

«GISELLE»

Koreografi etter Coralli

Musikk: Adolphe Adam

«LA TRAVIATA»

Opera av Giuseppe Verdi

Regi: Einar Beyron

Dirigent: Zdenko Peharda

Dekor og kostymer:

Birger Bergling

Ballettaften :

«COPPELIA»

Koreografi: Lev Ivanov

Musikk: Leo Delibes

«BARBEREN I SEVILLA»

Opera av Gioacchino Rossini

Regi: Einar Beyron

Dirigent: Arvid Fladmoe

Dekorasjoner og kostymer:

Arne Walentin

OSLO NYE TEATER

«HVORDAN MAN BLIR

DIREKTØR NÅR MAN

VET HVA MAN GJØR»

Musical av

Abe Burrows og Frank Loesser

Regi og koreografi: Ivo Cramér

Dekorasjoner: Kaare Hegle

Dirigent: Kåre Siem

«MARY, MARY»

Lystspill av Jean Kerr

Regi: Jens Gunderssen

Dekorasjoner: Harald Martin

BARNETEATRET

i Folketeaterbygningen:

«UT AV TROLLDOMMEN»

Av Anne-Cath. Vestly

Regi: Guri Ludt

Dekorasjoner: Johan Vestly

Alle tiders utvalg av vakre gaver til alle anledninger

Savolainen & Co

STORGATEN 4 - OSLO TELEF. 33 46 09

THORALF VIK

Bygg- og tømmermester

Kontor: Armauer Hansens gate 14 b, tlf. 60 47 18

Byggeplass: Hosle i Bærum, tlf. 53 47 62

GJESTESPEL I 1965

Midt i mai drog Det Norske Teatret til Paris med «Keisar Jones» av O'Neill, der Earle Hyman spela Keisaren. Det var angre gongen teatret gjesta Theatre des Nations. 14 dagar seinare gjekk ferda til Festspela i Bergen med «Eit draumspel» av Strindberg (i Olof Molanders regi) og med «Keisar Jones». Heile våren hadde «Ai, ai, for ein artig krig!» og «To pinner i kors» vore ute på norsk spelferd, medan «West Side Story» gjekk i Oslo.

Gjestespela held fram i haust. Vi har frå Stockholm fått det ærefulle tilbod å spela på Dramaten, ein av dei fremste scenar i verda, frå 3.—10. oktober. Teatret skal gjeste med «Keisar Jones» og «Gengangere».

Sist i oktober gjestar vi med «Peer Gynt» på ein annan stor européisk scene: Deutsches Schauspielhaus i Hamburg, der også ein kortare versjon av «Peer Gynt» skal spelast inn av Zweites Deutsches Fernsehen.

Eit gjestespel i Århus er også på tale.

IPA *Syskøle*

Etablert 1942



Sy garderoben

selv, – modellbetonet.

Vi gir Dem den beste indi-

viduelle undervisning.

Tlf. 46 29 87.

«Ole Brumm og vennene hans.»

Det Norske Teatret har alltid hatt hug til å spela for born. Vi trur vi torer seia at mange av dei barneframsyningane teatret har spela gjennom åra, har nådd fram til eit stort og takksamt publikum.

I den siste tida har vi diverre ikkje hatt høve til å spela så mykje for borna som vi gjerne ville, av di store framsyningar og for liten scenekapasitet har hindra oss. No vil vi gjera dette godt att, og vi veit at mange vil gle seg på eigne og bornas vegner, når dei høyrer at valet av stykke denne gongen er ei dramatisering av A. A. Milnes klassiske eventyrbok, «Ole Brumm og vennene hans».

I stykket som i boka, vil borna møte Kristoffer Robin, Nasse Nøff, Petter Sprett, eslet Tussi, den vise Uгла som saman med den uforliknelege Ole Brumm, kjem opp i dei snurrigaste situasjonar og opplever så mykje festleg.

Dramatiseringa fylgjer boka, så vi trur ingen vil kjenne seg misnøgd når dei no møter desse kjære vennene att.

Framsyninga høver for born i alle aldrar, fra 5 til 80 år. Dei aller yngste kan trygt vera med, her er ikkje noko som skræmer. Den lune tonen frå boka går att i dramatiseringa. Vi møter ein forfattar som er glad i born og som til botnar kjenner deira frodige fantasi. Ein smilande, underfundig humor som òg heile tida har for auga borns strenge krav til logikk i hendingane.

Rolf Sand spelar Ole Brumm, Aud Schønemann er Nasse Nøff, Kåre Wicklund eslet Tussi, Ulrikke Greve Petter Sprett, Sissel Sellæg ugla og Peter Magnus Kristoffer Robin.

Dekorasjonen har Johan Vestly hand om, og Asbjørn Toms set det heile i scene.

MIDT PÅ KARL JOHAN
EGERTORVET - OSLO

Reisevaluta ekspederes raskt og greit
Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker

BØNDERNES BANK 

Alltjenst Rengjøringsbyrå

TELEFON 41 20 31

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

Rydding av loft og kjeller – Faste oppdrag mottas

GRILLSTOVA



Ekstra god mat til rimelege prisar.
Internasjonalt kjøken og norske spesialitetar. Alkoholfrie vinar.

Midt i sentrum: Rosenkrantzgt. 8, 1. høgda, 100 m opp frå Karl Johan.

Bondeungdomslaget
i Oslo

Ope kvardagar kl. 9-23

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt, livdyr, ull, huder og skinn

17 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 108 000 medlemmer

